

TID FOR LESING OKTOBER OG NOVEMBER

Skrive- og teikneaktivitetar



Aktivitet 1: Finn på ditt eige spel eller din eigen spelkarakter

– det kan vere eit brettspel, kortspel, terningspel, utespel eller dataspel.

Sjå animasjonsfilmen om spel på nettsida vår: uis.no/sfo.

Bruk ressursarka:

Ressursark: [Lag ditt eige spel](#)

Ressursark: [Lag din eigen spelkarakter](#)

Aktivitet 1 - ekstra spørsmål til inspirasjon:

- Gje spelet eit namn.
- Kva handlar spelet om?
- Kor spelar ein det? (ute, inne, på skjerm, med kort/brikker)
- Kva reglar har spelet? (kva må ein gjere for å vinne, kva må ein passe seg for)
- Kva treng ein for å spele? (ball, papir, brikker, terning osv.)
- Teikn korleis spelet ser ut, eller teikn nokre av figurane som er med.

Aktivitet 2 - Fortel om favorittspelet ditt

det kan vere eit brettspel, kortspel, terningspel, utespel eller dataspel.

Bruk ressursarka:

Ressursark: [Mitt favorittspel](#)

Aktivitet 2 - ekstra spørsmål til inspirasjon:

- Skriv namnet på spelet ditt.
- Fortel kva spelet handlar om.
- Kven pleier du å spele det med? (venner, familie, aleine, på nett)
- Kva likar du best med spelet? (fargar, figurar, historie, musikk, samarbeid osv.)
- Teikn spelet, ein figur frå spelet eller noko som skjer i spelet.
- **Ekstra utfordring:** Skriv ned reglane til spelet slik at ein som aldri har spelt det før kan prøve.




Få diplom!

Send inn historia di eller teikninga di til sfo-tidforlesing@uis.no, og få forfattar- eller illustratørdiplom i retur frå oss!

Hugs å sende oss fornamn, alder, klassesetrinn, pluss kva SFO du går på.

Du kan òg sende per post: Nasjonalt lesesenter, Universitetet i Stavanger, Postboks 8600, 4036 Stavanger.



TID FOR LESING


OKTOBER OG NOVEMBER

Aktivitetar




Forslag til aktivitetar - måtar å leike med temaet for å auke interessa blant barna. Ein god veg inn i bøkene!

- **Mario-hinderløype:** Lag ei hinderløype inspirert av Super Mario. Bruk kjegler, hoppetau, matter og ringar som "myntar" barna må samle. Nokre vaksne eller barn kan vere "fiendar" som prøver å ta myntane frå dei.
- **Tre på rad ute XL-versjon:** Teikn eit stort rutenett (3x3) på bakken med kritt eller lag det av tau eller hoppetau. Bruk store markørar, til dømes bøtter, ballongar eller pappskiver som X og O. Del barna i to lag. Laget må springe fram for å plassere brikkene éin om gongen – det gjer spelet meir aktivt og moro.
- **Spillfigurdag:** Barna får velje ein spelkarakter dei likar, til dømes frå Minecraft, Mario, Pokémon, Among Us eller andre kjende spel. **Dei kan enten:** Komme i ferdig kostyme heimefrå, eller lage enkle rekvisittar på SFO av papir, kartong eller stoff – til dømes sverd, hattar eller masker.
- **Minecraft-byggelek:** Del barna inn i lag. Kvar lag får bygge ei "base" med klossar, kritt (på asfalt), eller pinnar og naturmateriale. Medan dei byggjer, spring nokre utvalde "Creepers" rundt. Dersom ein Creeper tek på dei, må dei fryse i fem sekund.
- **Pokémon-jakt:** Skjul kort eller figurar (Pokémon) rundt uteområdet. Barna får "Pokéballar" (erterposar) og må fange Pokémon-ane ved å kaste ballen på målet før dei kan samle det inn. Kan kombinerast med oppgåver: nokre Pokémon krev at du hoppar ti gonger før du får ta dei.
- **SFO Spillfestival ute:** Barna kan delast inn i små grupper og gå rundt til ulike stasjonar der dei får prøve morsomme og aktive spel:
 - **Mario-hinderløype:** Hopp over lava, samle myntar og kom deg trygt i mål.
 - **Tre på rad – XL:** Ein kjempeversjon av det klassiske spelet, der laga konkurrerer.
 - **Minecraft-byggelek:** Bygg ei base av klossar eller naturmateriale, men pass deg for "Creepers"!
 - **Pokémon-jakt:** Finn skjulte Pokémon og fang dei ved å løyse små oppgåver.




Engasjer barna!


Desse aktivitetane vil engasjere barna til å bruke fantasi, kreativitet og leik, samstundes som dei har det morosamt med temaet.



TID FOR LESING OKTOBER OG NOVEMBER



Boktips




Tematiske boktips

La barna lese bøker relatert til temaet i oktober og november. Her er eit utval bøker som passar for ulike alderstrinn. Les høgt saman med barna som ikkje kan lese sjølve.



Månadens boktips

- **Verdens beste gamingspill** av Inger Marit Hansen
- **Den store boka om gaming** av Aslak Maurstad og Jenny Jordahl
- **Edelmot** av Victor Sotberg og Odin Helgheim
- **Flukten til Gaming City** av Arne Svingen og Eivind Gulliksen
- **Tullekontorets gøyale gåter** av Freddy Kjensmo
- **Power up! - gamingheltene som tok meg til neste nivå** av Christopher Robin Omdahl, Maren Tjelta Thu
- **På tokt med Pikachu** av Hulda Westberg Sparbo/Toshihiro Ono
- **Oppvåkningen** av E.P. Uggla
- **Rollespill** av Matthijs Holter, Ole Peder Giæver, Marie Lyshol
- **Roblox** av Inger Marit Hansen
- **Fiffige quiz for smarte barn** av Lauren Farnsworth og Chris Dickason





TID FOR LESING OKTOBER OG NOVEMBER

Spel



Speltips til SFO/AKS i samarbeid med Matematikksenteret

Samarbeidsspel:

- Hanabi - <https://gamezone.no/brettspill/143288/hanabi-brettspill-norsk>
- The Game - <https://gamezone.no/brettspill/125882/the-game-kortspill-norsk>
- The Mind - <https://gamezone.no/brettspill/138468/the-mind-kortspill>
- Mysterium - <https://gamezone.no/brettspill/127117/mysterium-brettspill-norsk-utgave>
- Bomb Busters - <https://gamezone.no/brettspill/162731/bomb-busters-brettspill>
- Micro Marco Crime City - <https://gamezone.no/brettspill/148408/micromacro-crime-city-1-brettspill-norsk-utgave>
- Just One - <https://gamezone.no/brettspill/143368/just-one-brettspill-norsk-utgave>

Enkle å kome i gang med, dvs. få reglar:

- Klask - <https://gamezone.no/brettspill/125483/klask-brettspill>
- Jenga - <https://gamezone.no/brettspill/25023/jenga-klosser-brettspill-originalen>
- Loopin' Louie - <https://gamezone.no/brettspill/122350/looping-louie-spill>
- Ligretto - <https://gamezone.no/brettspill/122345/ligretto-spill-bl%c3%a5-norsk>
- Tsuru - <https://gamezone.no/brettspill/125478/tsuru-brettspill-norsk>
- Ubongo - <https://gamezone.no/brettspill/116469/ubongo-brettspill-norsk-utgave>
- Pictures - <https://gamezone.no/brettspill/147072/pictures-brettspill-norsk>
- Dixit - <https://gamezone.no/brettspill/117006/dixit-brettspill-norsk-utgave>
- Dobble - <https://gamezone.no/brettspill/157401/dobble-brettspill-norsk-utgave>
- Sequence - <https://gamezone.no/brettspill/140894/sequence-brettspill-norsk>
- Blokus - <https://gamezone.no/brettspill/24886/blokus-brettspill>
- Flip7 - <https://gamezone.no/brettspill/165171/flip-7-kortspill-travel-edition>
- Mexican Train - <https://gamezone.no/brettspill/131413/mexican-train-domino-original-brettspill-metallboks>
- Catan junior - <https://gamezone.no/brettspill/123536/catan-junior-brettspill-norsk>

Litt meir avanserte spel. Litt fleire reglar:

- Diamant - <https://gamezone.no/brettspill/163987/diamant-brettspill-norsk-utgave>
- Carcassonne - <https://gamezone.no/brettspill/124732/carcassonne-brettspill-norsk-grunnspillet-m-elven-and-biskopen-exp>
- Ticket to Ride - <https://gamezone.no/brettspill/27274/ticket-to-ride-brettspill-det-originale-ticket-to-ride-spillet>
- Kingdomino - <https://gamezone.no/brettspill/130421/kingdomino-norsk-brettspill>
- Captain Flip - <https://gamezone.no/brettspill/158172/captain-flip-brettspill>
- Catan - <https://gamezone.no/brettspill/116395/catan-brettspill-grunnspill-norsk-utgave>

Andre spel: Kluster DUO, Villkatten, Hint Junior, Todlers memory game, Yatzy, 4 på rad, Labyrint, Ludo, Sjakk, Rubiks kube, Mikado, Labyrinth Super Mario.

